Tokke

# Saksframlegg

Arkivreferanse: 2026/1064-1

Sakshandsamar: Marit Haukom Bråstøyl

## Saksgang

| Utval | Møtedato | Saksnummer |
|---|---|---|
| Helse, oppvekst, kultur og idrettsutval | | |
| Kommunestyre | | |

# Interkommunal psykologteneste - Utvida vertskommunesamarbeid

Saksframlegg godkjent 04.09.2026.

Åge Verpe

Kommunedirektør

**Bakgrunn for saka**
Interkommunal psykologteneste blei etablert i 2019 som eit vertskommunesamarbeid mellom Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke kommunar, med Seljord som vertskommune. Tenesta disponerte opphavleg 2 psykologårsverk. Frå 2022 blei 0,5 årsverk knytt til Rask psykisk helsehjelp, medan 1,5 psykologårsverk framleis var retta mot den ordinære psykologtenesta.

Tenesta bidreg til at kommunane oppfyller lovkravet om psykologkompetanse, som tok til å gjelde 1. januar 2020.

**Saksutgreiing**
Seljord kommune har som vertskommune fått førespurnad om tilslutning frå Vinje kommune 7. mai og Hjartdal kommune 8. mai 2026. Dei tilsette i psykologtenesta og leiaren for Rask psykisk helsehjelp blei orienterte 26. mai. Dei tilsette peikte særleg på risikoen for at eit større geografisk område kan gjere det vanskelegare å levere fagleg gode og tilgjengelege tenester.

Styringsgruppa drøfta saka 27. mai. Gruppa la vekt på at fleire deltakarkommunar kan gi større økonomisk og fagleg berekraft. Samstundes blei det understreka at eit utvida samarbeid krev omfattande bruk av digitale løysingar og ei organisering som tek omsyn til geografi og reisetid.

Kommunedirektørmøtet drøfta saka 12. juni og 14. august. Det er utarbeidd eit nytt utkast til samarbeidsavtale mellom Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Utkastet blei gjennomgått og godkjent i kommunedirektørmøtet i Vest-Telemark 14. august og ligg ved saka.

Vurderinga byggjer på organisering og faginnhald, rekruttering, folketal, geografi, reisetid og finansiering.

## Organisering, faginnhald og rekruttering

Samarbeidet har ei styringsgruppe med representantar på kommunalsjefnivå og ei arbeidsgruppe med fagansvarlege frå aktuelle tenesteområde.

Samarbeidsavtalen prioriterer oppgåver retta mot barn og unge. Styringsgruppa kan vurdere andre målgrupper innanfor dei tilgjengelege ressursane.

Alle deltakarkommunane stiller kontorfasilitetar med naudsynt utstyr til disposisjon. Tilsette i tenesta disponerer leasingbil. Tenesta nyttar digitale kommunikasjonsløysingar når det er fagleg forsvarleg, for å redusere reisetida.

Sidan oppstarten av den interkommunale psykologtenesta i 2019 har det vore krevjande å sikre stabilitet i rekrutteringa av psykologar. Stillingane har fleire gonger måtta lysast ut på nytt, og i periodar har tenesta hatt berre éin eller ingen psykologar. Det siste året har situasjonen vore stabil, med to psykologar som har høg kompetanse og brei erfaring. Dette gir tenesta eit godt fagleg grunnlag, men erfaringane viser samtidig at psykologkompetanse kan vere vanskeleg å rekruttere og halde på over tid.

## Folketal, geografi og reisetid

Tenesta dekkjer i dag om lag 10 400 innbyggjarar i fem kommunar. Med Vinje blir folketalet om lag 14 300. Dersom også Hjartdal blir teken inn, vil tenesta dekkje om lag 15 900 innbyggjarar. Tala er henta frå SSB.

Samarbeidsområdet er i dag om lag 4 500 kvadratkilometer. Med Vinje aukar området til om lag 7 700 kvadratkilometer. Med både Vinje og Hjartdal blir området om lag 8 500 kvadratkilometer.

Reiseavstanden frå Seljord til Åmot er om lag 50 kilometer og 50 minutt. Til Sauland er det om lag 28 kilometer og 26 minutt. Til samanlikning er reisetida frå Seljord til Treungen litt over éin time. Mellom ytterpunkta i eit utvida samarbeid er avstanden om lag 102 kilometer mellom Sauland og Fyresdal og om lag 95 kilometer mellom Åmot og Treungen. Tala er baserte på kortaste køyrerute i Google Maps.

## Finansiering

Tenesta har eit årsbudsjett for 2026 på om lag 2,64 millionar kroner. Kostnadene blir fordelte mellom deltakarkommunane etter folketal. I kommunedirektørmøtet 12. juni 2026 blei det lagt fram ein alternativ modell med 10 prosent grunnfinansiering frå kvar kommune, fordeling av resten etter folketal og kompensasjon til vertskommunen for administrative kostnader.

Tilbakemeldinga var at dagens modell bør vidareførast inntil finansieringa av dei interkommunale samarbeida blir vurdert samla.

Med utgangspunkt i budsjettet for 2026 og ei auke frå 1,5 til 2 psykologårsverk, er det samla budsjettet rekna til om lag 3,4 millionar kroner. Kostnadene skal framleis fordelast etter folketal.

| | Innbyggar 1.7.25 | 5 V-T-k, 1.5 % stilling | 6 V-T-k, 2.0 % stilling |
|---|---|---|---|
| Seljord | 2 944 | 747 343 | 706 390 |
| Kviteseid | 2 474 | 628 032 | 593 617 |
| Nissedal | 1 494 | 379 256 | 358 474 |
| Fyresdal | 1 271 | 322 647 | 304 966 |
| Tokke | 2 242 | 569 138 | 537 950 |
| Vinje | 3 847 | | 923 057 |
| **Innb. U Vinje** | **10 425** | 2 646 415 | |
| Innb m Vinje | 14 272 | | 3 424 454 |

Vertskommunen Seljord vil utarbeide budsjett for Rask psykisk helsehjelp for 2027, slik at dette kan arbeidast inn i den kommande økonomiplanen til samarbeidskommunane. Når psykologressursen på 0,5 årsverk blir erstatta med annan relevant terapeutisk kompetanse, vil kompetansenivået vere lågare enn i dagens ordning. Dei konkrete økonomiske verknadene vil bli innarbeidde i budsjettet for 2027.

**Vurdering**

Den interkommunale psykologtenesta gir kommunane tilgang til kompetanse som det ville vore vanskeleg å rekruttere og halde på kvar for seg. Sidan oppstarten har det vore krevjande å sikre stabilitet i rekrutteringa. Det siste året har tenesta likevel hatt to psykologar med høg kompetanse og brei erfaring. Dette gir eit godt fagleg grunnlag for vidare utvikling. Eit større samarbeid kan styrkje fagmiljøet og gi eit breiare økonomisk grunnlag, men vil også auke talet på innbyggjarar, arealet og reisetida vesentleg.

Kommunedirektøren vurderer det som nødvendig å styrkje psykologtenesta dersom Vinje skal takast inn. Ved å føre 0,5 psykologårsverk tilbake frå Rask psykisk helsehjelp får tenesta samla 2 psykologårsverk. Rask psykisk helsehjelp må då få annan relevant terapeutisk kompetanse tilsvarande 0,5 årsverk. Psykologtenesta kan samstundes få ansvar for fagleg rettleiing av dette tilbodet, slik at samanhengen mellom tenestene blir teken vare på.

Ressursane er avgrensa, og tenesta må derfor ha eit tydeleg prioritert innsatsområde. Barn og unge bør framleis vere hovudmålgruppa. Styringsgruppa bør kunne justere prioriteringane dersom behova endrar seg, så lenge dette skjer innanfor dei faglege og økonomiske rammene.

Den store geografiske utstrekninga krev ei medviten fordeling mellom fysisk nærvær og digitale arbeidsformer. Relasjonsbygging og enkelte faglege oppgåver krev møte ansikt til ansikt. Rettleiing, møte og delar av fagutviklinga kan gjennomførast digitalt når det er forsvarleg. Digitale løysingar må derfor vere ein integrert del av drifta, utan at dette går ut over kvaliteten og tilgjengelegheita.

Dagens organisering med styringsgruppe på kommunalsjefnivå gir kommunane god overordna forankring. Arbeidsgruppa skal sikre kontakt mellom psykologtenesta og dei lokale

tenestene. Oppslutninga om møta har vore varierande, men modellen gir viktig lokal forankring og bør vidareførast. Det føreset at kvar kommune prioriterer deltaking i dei avtalte møtepunkta.

Kommunedirektøren vurderer at tenesta ikkje bør utvidast med både Vinje og Hjartdal samstundes. Psykologkompetanse er vanskeleg å rekruttere, og kapasiteten vil framleis vere avgrensa sjølv om psykologressursen blir auka til 2 årsverk. Ei samtidig utviding med to kommunar vil auke folketalet, talet på samarbeidspartar, behovet for koordinering og den samla reisebelastninga. Sjølv om Hjartdal ligg nærare Seljord enn fleire av kommunane som alt er med, vil den samla utvidinga gjere det meir krevjande å sikre fagleg forsvarlege og tilgjengelege tenester i heile samarbeidsområdet. Kommunedirektøren tilrår derfor ei stegvis utviding. Vinje blir teken inn frå 1. januar 2027, medan ei eventuell tilslutning frå Hjartdal blir vurdert på nytt etter at den utvida ordninga er evaluert.

Ei vidareføring av fordelinga etter folketal inneber at dei største kommunane dekkjer ein større del av kostnadene. Når Vinje kjem inn i samarbeidet, blir kostnadene fordelte på fleire innbyggjarar. Det kan gi dei andre kommunane ein mindre kostnadsreduksjon, sjølv om den samla psykologressursen blir auka til 2 årsverk.

Det nye utkastet til samarbeidsavtale er tilpassa utvidinga med Vinje og regulerer mellom anna delegasjon, arbeidsoppgåver, organisering, rapportering, kostnadsfordeling og iverksetjing. Utkastet er gjennomgått og godkjent i kommunedirektørmøtet i Vest-Telemark 14. august 2026. Kommunedirektøren vurderer at avtala gir eit føremålstenleg og tydeleg grunnlag for det vidare vertskommunesamarbeidet, og tilrår at kommunestyret godkjenner avtala med verknad frå 1. januar 2027.

**Konklusjon**
Kommunedirektøren tilrår at Vinje kommune blir teken inn i samarbeidet frå 1. januar 2027. Utvidinga vil styrkje det faglege og økonomiske grunnlaget, men føreset at psykologressursen blir auka, at digitale løysingar blir nytta aktivt, og at kommunane prioriterer den felles organiseringa.

Hjartdal kommune blir ikkje teken inn i samarbeidet frå 1. januar 2027. Avgrensinga er ikkje grunngjeven med avstanden til Hjartdal åleine, men med den samla belastninga ei samtidig utviding med to kommunar vil gi for ei teneste med avgrensa kapasitet og fagkompetanse som er vanskeleg å rekruttere. Ei stegvis utviding reduserer risikoen for at kvaliteten og tilgjengelegheita blir svekte. Ei eventuell tilslutning frå Hjartdal bør vurderast på nytt etter at utvidinga med Vinje er evaluert.

**Kommunedirektørens tilråding**
1. Vinje kommune blir teken inn i Interkommunal psykologteneste i Vest-Telemark frå 1. januar 2027.

2. Hjartdal kommune blir ikkje teken inn i samarbeidet frå 1. januar 2027. Ei eventuell tilslutning blir vurdert på nytt etter at utvidinga med Vinje er evaluert.

3. Interkommunal psykologteneste blir styrkt med 0,5 psykologårsverk, slik at tenesta samla disponerer 2 psykologårsverk. Psykologressursen blir ført tilbake frå Rask psykisk helsehjelp. Rask psykisk helsehjelp blir tilført annan relevant terapeutisk kompetanse tilsvarande 0,5 årsverk.

4. Tenesta blir vidareført som eit vertskommunesamarbeid med Seljord kommune som vertskommune. Samarbeidet skal ha ei styringsgruppe med representantar på kommunalsjefnivå og ei arbeidsgruppe med fagansvarlege frå aktuelle tenesteområde.

5. Kostnadene blir fordelte mellom deltakarkommunane etter folketal.

6. Barn og unge skal framleis vere det prioriterte innsatsområdet. Psykologtenesta får i tillegg ansvar for fagleg rettleiing av Rask psykisk helsehjelp. Styringsgruppa får fullmakt til å endre prioriterte innsatsområde innanfor rammene av samarbeidsavtalen.

7. Digitale kommunikasjonsløysingar skal vere ein vesentleg del av drifta, slik at reisetid blir avgrensa og ressursane blir nytta effektivt.

8. Framlagt samarbeidsavtale om Interkommunal psykologteneste mellom Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar blir godkjend. Avtala gjeld frå 1. januar 2027.